



Meland Helselag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/562 - 15/3577

Saksbehandlar:

Bente Bing Kleiva

bente.bing.kleiva@meland.kommune.no

23.02.2015

Referat frå møtet om Gågrupper i Meland

Desse laga møtte: Meland revmatikarlag, Dørstokkmila, Meland helselag og Fellesrådet. Mental Helse Meland var og innkalt, men møtte ikkje. For Tenesteområde kultur møtte Eirik Utne og Bente Bing Kleiva.

Gruppa som møttest hadde hatt eitt møte på hausten 2014, her var det snakk om å etablere og vedlikehalde gågrupper som finnest i kommunen eller i samarbeid med turgrupper i Nordhordland.

Eksisterande grupper er:

Meland revmatikarlag: går på tur kvar måndag kl.11.00. Oppmøte ved Walde bygg på Holmeknappen

Dørstokkmila: Går på tur kvar tysdag kl.10.00. Oppmøte ved Knarvik Ungdomsskule. Torsdag går det og ei gruppe organisert av Dørstokkmila kl.10.30.

Nordhordland turlag går på tur onsdagar kl.18.00 sjå eige program:

<http://www2.turistforeningen.no/files/Nordhordland%20Turlag/Turprogram%202015%20web.pdf>

Dei frammøtte ønskte eit middelskrevjande opplegg for ei ny turgruppe. Margethe Hellestvedt frå Meland helselag hadde laga ei liste med 30 turforslag som vart gått igjennom og framlegget til turar vart slik:

Tur start kl.11.00 med oppmøte bak gamle Rema 1000. Dersom turen går slik at det må køyrast til turstaden vert det felleskøyring og dei som sit på betaler kr.20.- til sjåføren.

Turane fram til påske er slik:

4. mars Fossemyra- Langeland- Måneskinsbrua – Mjåtveit- Sagstad- Kleivane- Fossemyra.
Turleiar er Magne Eikevik

11. mars Elvevika – Galteneset – Juvika – Mjåtveitstø – Dalstø. Turleiar er Arve Dale

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

18. mars Meland Golf- og Naturpark. Turleiar er Margrethe Hellesnes

25. mars Gripakletten. Turleiar er Sigurd Knudsen

Neste møte vert 19. mars kl.18.00 for evaluering og vidare planlegging.

Med helsing

Bente Bing Kleiva
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Meland Helselag
Meland Revmatikerlag
Mental Helse Meland
Magne Eikevik
Sigurd Knudsen
Helge Olsen
Arve Dale

Øvredalsvegen 42 5918

FREKHAUG